



## ATLØYS VENNER

### ÅRSMELDING 1999

1999 har vore nok eit godt år for Atløy.

Slik har kvar årsmelding opna sidan vi starta med Atløys Venner. 1999 kunne blitt slutten for den gode gjengen vi har på grunn av mykje unødvendig motbør. Året starta bra, vi henta båten i Norheimsund etter at fordekket var skifta. Vi starta straks på klargjering til sesongen. Skipskontrollen hadde gitt klarsignal på at vi kunne gå utan salongen på 2.de klasse framme ferdig. På slipp i Måløy kom den store bomba ; I form av ein fax fekk vi beskjed om at båten ikkje ville bli sertifisert før alt stål som var redusert med meir enn 20% var skifta. Dette skjedde før ein einaste inspektør hadde vist seg om bord. Vantru tok vi kontakt med Skipskontrollen, og fekk avgjerda bekrefta. Vi prøvde og å finne ut kva kravet var, utan at dei same kunne hjelpe oss med det. Etter samtalar med Veritas fann vi rett platetjukne, og starta målingar med ultralyd. Av 1.200 målingar synte det seg at berre 2 punkt var under kravet. Konfrontert med dette svarte Skipskontrollen at desse punkta måtte utbetrast, og at dei i allefall ikkje kunne sertifisere før ette 6 veker p.g.a. ferie (!!). Vi såg slaget som tapt, og bestemte oss for ikkje å ta opp ein nyttelaus kamp. Don Quijote slost mot vindmøller, - det hadde ikkje vi tid til.

Eit raskt overslag tilsa at vi trengde ca 120.000 for desse utbetringane. I tillegg ville vi utbetre eindel spant som vi såg var klar for det. Via ein avtale om deltaking for Sogn og Fjordane Fylke under Kulturby Bergen 2000 mottok vi forhåndsbevilgning på min 150.000,- og kunne såleis sette i gang. Arbeidet vart utført på Halleraker i Melandsvågen, og er så langt godkjent av Skipskontrollen i Haugesund. Etter dette gjekk båten til Norheimsund og Hardanger Fartøyvernsenter for ferdigsilling av Båtsmanns- og Skipparlugar. Messa vart også delt, slik at det gamle billettkontoret og postkontoret no er slik det var då Atløy gjekk ut av drift. Dette arbeidet skjedde med støtte frå Riksantikvaren, og er svært fagmessig og godt utført. Andelslaget har også søkt Riksantikvaren om stønad til oppattbygging av 2. klasse salong forut . Styret i andelslaget har beslutta att tilbakeføring skal skje til den stand Atløy var i -74, då ho gjekk ut av rute for Fylkesbaatane. Det er venta at ein må gjennom eit dokumentasjons arbeid på "74 utgåva" før ei slik løyving kan innvilgast.

Då vi ikkje fekk drift sesongen 1999 vart sponsorprosjektet "Atløy 2000" lagt på is. Når det gjeld foreiningsarbeid har vi no faste møter ein gong i veka. Arbeidet med informasjon til medlemmene har gått dårleg, då alle medlemslister forsvann i forbindelse med skifte av kontor. Dette er no på plass. Nytt er at vi snart vil være tilgjengelig med eiga heimeside. Dette vil lette infomasjonen mykje. Då vi i sesongen ikkje hadde båt å bruke, kunne vi heller ikkje arrangere turar for medlemmer.

Atløys Venner har gjennom dette siste året verkeleg vist at vi kan takle ei slik krise som det å misse sertifikatet er. Allt i allt kan det sjå ut som om vi har kome styrka ut av sesongen. Vi har vist at vi taklar motgang, og det synest som om vi har betre oppslutnad enn nokon gong.

---